

Fråsegn

NVE har presentert 13 område som eignelege for vindkraftindustri i Noreg.

Store delar av fjellområda i Gaular ligg innafor eitt av desse områda (område 19).

Framlagde planar viser brutale og særskild omfattande inngrep med vindturbinar og anleggsveggar.

Dette bryt fullstendig med tidlegare stortingsvedtak om å ta vare på Gaularvassdraget som det fremste av type og referansevassdrag på Vestlandet.

Og det truar statusen for Gaularfjellet som Nasjonal Turistveg. Dette er ein av dei strekningane i landet som har denne statusen, og som "går gjennom det ypperste av norsk natur".

Reiselivsbedriftene i Gaular protesterer mot planar om vindturbinar i kommunen, og ber om at desse planane vert lagde bort.